

Innlegg innspelseminar om intensjonserklæring for samspelet med frivillig sektor Kulturdepartementet

02.09. 2014

Innspel frå Noregs Ungdomslag

Mitt namn er Endre Kleiveland og eg er styreleiar i Noregs Ungdomslag.

Noregs Ungdomslag vil takke for invitasjonen til å kome med eit innspel i saka om intensjonserklæring for samspelet med frivillig sektor. Me vil også takke for initiativet regjeringa har tatt i saka, og som løfter fram svært viktige problemstillingar for vårt felt.

Noregs Ungdomslag er ein gamal og stor kulturorganisasjon med 400 lokallag fordelt over heile landet. Kjerneaktivitetane våre er knytt til folkelege kulturaktivitetar som folkedans og amatørteater. Men laga våre driv ein mykje breiare aktivitet. Ofte er laga samlingspunktet i bygda, Noregs Ungdomslag er ein generasjonsorganisasjon, og mykje av aktiviteten skjer i våre eigne lagshus, oftast kalla ungdomshus. Dei eig me 250 av.

I innspelet vil eg peike på to faktorar som me meiner vil vere vesentleg for eit betre samspel mellom offentleg og frivillig sektor. Først vil eg likevel understreke at det er mange bra stønadsordningar og samarbeid som skjer, og at det ligg til grunn for innlegget. Dette er følgjande tema eg vil snakke om:

- Ein stad å vera
- Opplæring

Ein stad å vera

Det å ha ein arena for å drive med aktiviteten er noko av det viktigaste ein tilrettelegg for. Vår og mange andre kultur- og interesseorganisasjonar byrja tidleg med å bygge hus for å drive lagsaktiviteten. Det kan nemnast ungdomshus, bedehus, folkets hus, losjer, idrettsbygg osv. Dette har vore ein av bærebjelkane i det frivillige lagsarbeidet, og det er det fortsatt.

I det seinaste har det vore ein debatt om kulturhus. Stort sett har det dreia rundt investeringskostnader og driftskostnader. Altså at det er dyrt å bygge, og dyrt for frivillige lag å leige. Mykje av dette er riktig, men eg meiner det er svært positivt med mykje av det som har skjedd i dei nye husa. For frivillige lag er slike hus viktige for fast aktivitet eller for sporadisk leige.

Det som likevel har vore sakna i debatten er å ha to tankar i hovudet samstundes. Bærebjelken for frivillige organisasjonar er ikkje dei sentraliserte store kulturhusa, det er dei små lagshusa på bygdene. Det er der det blir drive fast lagsaktivitet til kostpris kvar einaste dag. Økonomisk stønad og kunnskap om desse husa er fråverande. Det er ingen i dag, hverken kommune eller stat som har oversikt over kor mange slike hus som

fins, teknisk status på husa, eller kor mykje dei er i drift. Det seier noko om statusen til desse husa.

Familie- og kulturkomiteen på Stortinget har no ei sak liggande som omhandlar rammevilkåra for organisasjonseigde hus. Forslaget inneheld konkret to saker. - Omlegging av momskompensasjonsordninga til også å gjelde for nybygg, ombygg og oppgradering av organisasjonseigde hus. - Og at spelemiddelordninga fylkeskommunane forvaltar til kulturbygg, skal delast i to ordningar, ei for kommunale kulturbygg, og ein for organisasjonseigde kulturbygg, slik at det frivillige og det offentlege ikkje treng konkurrere om dei same offentlege midlane. Det vert også peikt på i forslaget at det ikkje finst noko oversyn over kulturbygg i dag, og at ei kartlegging av organisasjonseigde kulturbygg må på plass for å få oversikt.

Dette forslaget har fått svært brei støtte frå heile det frivillige feltet. Går forslaget gjennom vil det sørge for vesentleg betre rammevilkår for frivillig sektor. Det er også ein svært effektivt måte det offentlege kan stimulere til vekst i det frivillige kulturlivet og andre deler av frivilligheten.

Opplæring

- Svært mykje av frivillig kulturaktivitet driv med opplæring gjennom aktiviteten
- Vaksenopplæringsordninga er under press
- Oxford research
- 90% nøgde med det faglege innhaldet
- Likevel har ordninga liten økonomisk utvikling
- Mange meiner aktiviteten ikkje er opplæring
- Ordninga opprettheld breidda i tilbodet av kulturaktivitetar
- Eit av dei viktigaste stønadsordningane for å nå ut breitt